

Statssekretær Klima- og miljødepartementet

Aleksander Øren Heen

Omstillingsmidlar på grunn av tap av sau til jerv over mange år

Vi vil med dette brevet vere tydelege på at sjølv om det er to gardsbruk som no vel å legge ned besetnad og beitebruk i fjellet på grunn av tap av sau til jerv, skal ikkje dette nyttast som grunnlag for å avgrense resten av beitenæringa i Reinheimen. Tvert imot forventar vi meir målretta uttak også i åra som kjem, og ei forvaltning som regulerer bestanden ned på bestandsnivå med dei hjelpemidla som skal til for å oppnå det. Vi meiner at dette er eit politisk spørsmål og kan ikkje avgjerast av andre enn gjennom politiske prosessar.

Forvaltningssituasjon i region3 – Oppland - Reinheimen

Det har over fleire år vore aukande tap av sau i region 3 - Oppland og ein aukande bestand av jerv som det har vore vanskeleg å forvalte ned på bestandsmål. Dette har vore ei stor belastning i mange år for fleire sauebønder i heile Oppland og nå har to sauebønder, ein i Skjåk og ein i Lesja, søkt om omstillingsmidlar i jervesona. Dette er gjort i forkant av resultatet av lisensfellinga vinteren 2021/2022 der det vart uttak av jerv i Reinheimen både ved ordinær lisensfelling og ved ekstraordinært uttak. Miljødirektoratet har behandla søknaden og innvilga midlar til omstilling for begge to. Dette er omtala her:

[Staten bruker over fem millioner kroner på å ta sauebeiter ut av drift i Nord-Gudbrandsdalen – ROVDYR.ORG](https://www.rovdyr.org/nyheter/staten-bruker-over-fem-millioner-kroner-pa-a-ta-sauebeiter-ut-av-drift-i-nord-gudbrandsdalen)

Vi forstår at desse to etter mange år med tap søker om omstillingsmidlar. Det vi ikkje forstår er at Terje Bø, fagdirektør i viltseksjonen hjå Miljødirektoratet, kan uttale at «Begge besetningene det er snakk om beiter langt vest i det jerveprioriterte området i Oppland, og vi har vurdert at konsekvensen av omstilling blir at disse områdene ikke beites i framtida». Kva mandat har Miljødirektoratet til å nekte sauebønder i Oppland å nytte beiteretten sin? At dei to som får omstillingsmidlar ikkje kan byrje med sau att dei neste 20 åra er forståeleg, men det kan og skal ikkje bety at andre ikkje kan nytte beiteretten sin.

Rovviltforliket av 2004 og 2011

Rovviltforliket er tydeleg på den todelte målsettinga og det står i forliket at norsk roviltforvaltning skal skje innanfor ramma av det som står i naturmangfaldslova og Stortinget si behandling av denne, Bernkonvensjonen og den todelte målsettinga etter roviltforliket av 2004. Det skal leggast vekt på regional forvaltning, respekt for eigedomsretten og enkeltmenneska sine og lokalsamfunnet sin livskvalitet. Forvaltninga skal baserast på å sikre overleving av alle dei store roviltartene i norsk natur i kombinasjon med ei forvaltning som dempar konflikter og motverkar utrygghet innanfor den todelte målsettinga. Her gjorde også roviltnemnda i region 3, Oppland, grep i 2012 der jerveprioritert sone vart utvida med grunngjeving av byrdefordelingsprinsippet.

I roviltforliket frå 2011 står det under punkt 2.2.4 «*I det tilfeller der lisensfelling ikke gir tilfredsstillende uttelling, skal miljøforvaltningen så langt det er mulig sørge for at resterende kvote tas ut i de områdene lisensfellingsskvote er gitt. Uttak i det som av roviltnemndene er definert som prioriterte beiteområder i de enkelte regionene blir prioritert.*» Dette har over fleire år ikkje vore fylgt

godt nok opp, med unntak av siste lisensfellingsperiode. Under punkt 2.2.5 står det «Direktoratet for naturforvaltning har myndighet til å fatte vedtak om hvordan og hvor ekstraordinære uttak skal igangsettes for så langt som mulig å få tatt ut resterende lisensfellingskvote. Dette skal skje etter drøfting med rovviltnemndene. Rovviltnemndene skal også selv kunne ta initiativ til en slik drøfting.»

Rovviltnemnda i region 3 har kvart einaste år sendt inn prioritert liste over ekstraordinære uttak basert på tap av sau på beite til jerv i foregåande beitesesong. Det er dette samarbeidet som må styrkast og gjennomførast for å sikre den todelte målsettinga, ikkje legge ned beitenæringa. Vi har både rett og plikt til å sikre at den enkelte sauebonde ikkje skal påførast for store belastningar ved tap av sau over fleire år. Nemnda har over fleire år påpeikt at det må til eit meir målretta uttak av jerv i dei områda det er større tap, uavhengig av om det er i beite- eller jerveprioritert område så lenge regionen ligg over bestandsmålet. Der ein må gje beitenekt, eller i desse to tilfella gje omstillingsmidlar, på grunn av omfattande skader av rovvilt, må forvaltninga få og bruke alle virkemidlar ein kan for å ta ut skadedyret som fører til beitenekt eller her omstillingsmidlar.

Forvaltningsplanen for rovvilt i region 3 – Oppland.

Forvaltningsplanen var sist revidert og vedteken i desember 2020. Der står det under forebyggjande tiltak at «Forvaltningsmålene for rovviltbestandene for region 3 stiller beitebruksnæringa ovenfor en del utfordringar. Forvaltningen mener det er behov for fortsatt økt fokus på forebyggjande og konfliktdepende tiltak, særleg tiltak som er direkte tapsforebyggjande. Tiltak som skiller bufe og rovdyr i de mest skadeutsatt områda i beitesesongen kan benyttes, men da som et akutt tiltak». Under kapittel 2.3 Distriktpolitiske og landbruksfaglige rammer står det «De politiske føringene for forvaltningen av rovvilt og beitedyr tilsier at forvaltningen skal gjennomføres på en slik måte at risikoen for tap og lidelse reduseres mest mulig gjennom forebyggjande tiltak og bestandsregulering. Beiterestriksjoner skal være siste utvei. Økt satsing på forebyggjande og konfliktdepende tiltak omfatter i tillegg strategisk uttak av potensielle skadegjørere i risikoområda».

Rovviltnemnda i region 3 har i mange år jobba for ei meir effektiv og målretta rovviltforvaltning i tett samarbeid med kommunane. Det har også vore gjennomført mange møter med både Klima- og miljødepartementet og Miljødirektoratet med dette som tema. . Det har vore bede om ekstraordinære uttak i dette aktuelle området over fleire år. Reinheimen har store, alpine område med både rasfare og med til tider vanskelege sporingsforhold. Region 3 har over mange år liggi på over det dobbelte av ynglingar og dette har derfor ført til store utfordringar for fleire besetningar med ein stadig aukande bestand av jerv. Sjølv om desse to vel å omstille, har vi fortsatt sauebesetningar i området som ynskjer å fortsette og som har både beiterett og som haustar av fjellet sine ressursar for å produsere norsk kjøt.

Det er forvaltninga som må bli meir målretta og få dei verkemidla som skal til for å regulere bestanden ned på bestandsmål og for å ta ut jerv i dei områda som har store tap over fleire år.

Mobilisering frå kommunane i Nord-Gudbrandsdal

På grunn av fleire år med aukande bestand, slitasje på næringa og besetningar med store tap over fleire år har kommunane i Nord-Gudbrandsdal gått saman i eit prosjekt for å effektivisere lisensfellinga:

Prosjekt berekraftig sameksistens for sau og jerv i utmarka i Nord-Gudbrandsdalen

Kommunane i Nord-Gudbrandsdalen har opplevd eit stadig aukande press frå rovdyr, og da i hovudsak jerv, med påfølgjande store tap av sau. Enkelte besetningar opplever lammetap på over

30%. Dette har resultert i at kommunane Dovre, Lesja, Vågå, Lom og Skjåk har gått saman om eit felles prosjekt for å finne naudsynte løysingar.

Målet er å finne løysingar det går an å leve med for alle partar. Vi er inneforståtte med at vi bur i jervsona , og dei fylgjer dette har. Det har vore eit mål lokalt å gjere det ein kan frå beitenæringa si side for å redusere tap, noko som har medført ei lang rekkje førebyggjande tiltak over fleire år. Tiltaka har vore nøye planlagde og er godt dokumentert. Tiltaka er i hovudsak planlagde i samarbeid med Statsforvaltaren i Innlandet.

Trass alle tiltak har tapstala auka vesentleg. Kommunane har derfor sett det naudsynt å rette seg mot uttaket av jerv som ein del av det førebyggjande tiltaket. Over mange år har uttaka i hovudsak vore mislykka, både lisensjakta og uttak frå SNO.

Prosjektet har som overordna mål å redusere konfliktnivået mellom rovdyr og beitedyr i området vårt, og bidra til å oppnå den tosidige målsettinga med eit vedteke bestandsmål, samt full utnytting av utmarksressursane.

Vidare skal prosjektet bidra til å auke uttaket av skadevoldande jerv ved ei effektivisering og styrking av den ordinære lisensjakta, slik at ein når kvota for uttak. Ved å ta ut jerven gjennom den ordinære lisensjakta, vil ein kunne bidra til å redusere konfliktnivået, samt at det vil ha ei førebyggjande effekt for beitesesongen. Det er og ei klar målsetting om at prosjektet skal bidra til at uttak bli gjort i lisensfellingsperioden for å sleppe hiuttak.

For å få større effektivitet er ein avhengig av at det blir lagt til rette for lisensjegerane og å motivere for framdrift. Prosjektet vil derfor arbeide for at lisensjegerane får dekt kostnadar ved jakta. Samfunnsansvaret med å regulere jervbestanden er vanskeleg å ta på seg om alt skal vera dugnadsbasert med relativt store kostnadar for jegerane, som blant anna må ta seg fri frå arbeid. Midlane blir brukt som stimuleringsmidlar, og har ingen samanheng med utteken jerv. Det blir ikkje gjeve midlar per felte jerv eller for sjølve uttaket.

Vidare skal prosjektet bidra til organisering og opplæring av lisensjegerane, i samarbeid med aktuelle organisasjonar.

Ein ynskjer og gjennom prosjektet å få eit godt samarbeid med SNO, slik at ein kan styrke moglegheitene for uttak, og at dette uttaket blir effektivt og målretta mot skadevaldarane. Ideelt sett bør uttaket gjerast på individ som gjer stor skade. Vi er klar over at dette ikkje er enkelt, men vi meiner at ein gjennom eit samarbeid i større grad skal kunne plukke ut dei rette individa.

Vi håpar at dette til saman vil gje eit vellykka prosjektet der ein oppnår eit redusert konfliktnivå som legg til rette for ein berekraftig sameksistens, der det skal vera mogleg å ha beitedyr og jerv i same område.

Klageadgang til vedtak

Vi vil også påpeike at den førre regjeringa delegerte myndigheit i klagesaker frå Klima- og Miljødepartementet til Miljødirektoratet i 2016. Vi meiner at departementet må ta attende denne myndigheita slik at vi har politisk styring i alle saker der det er konfliktinteresser.

Reinheimen nasjonalpark

Denne nasjonalparken vart oppretta i 2006 for å *«ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområdet; ta vare på høg fjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald; ta vare på sentrale leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord; ta vare på eit viktig*

referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient med stor variasjonsbreidde i høve til geologi, klima, vegetasjon og topografi; ta vare på landskapsformer og særprega geologiske førekomster, ta vare på vassdragsnaturen i området og verne om kulturminne». Samtidig er det påpeikt under høgfjellsøkosystem og biologisk mangfald at kulturlandskapet er påverka gjennom hogst, dyrking, slått og beite og at dette gjev gode vilkår for enkelte arter og særlege vegetasjonssamfunn.

Haustinga av fjellet både gjennom jakt og fiske og husdyrhald har forma nasjonalparken og er ein del av verneformålet. Vi meiner at gjennom vårt ekstra ansvar for villrein også må forvalte rovvilt på ein slik måte at det ikkje går ut over villreinbestanden i større grad enn det gjer i dag.

Avslutningsvis vil vi be om eit oppklarande svar på kva mandat Miljødirektoratet kan ha til å nekte gardsbruk i Oppland å nytte beiteretten sin utover krav for tildeling av omstillingsmidlar?

Med helsing

Edel Kveen, ordførar Skjåk

Mariann Skotte, ordførar Lesja

Aud Hove, leder rovviltnemnda region 3, Oppland